

JD 1975002

FYLKESKOMMUNEN I HERØYLAND	
UTBEGYNGSAVDELINGA	
02788 25 10.74	
SAKSB.	ARKIV

" GRAMSHAUG I OG GRAMSHAUG II "

Reguleringsføresegner

Området er oppdelt i:

- A. Tomter for open villamessig busetnad
- B. Offentlege friareal

A. TOMTER FOR OPEN VILLAMESSIG Busetnad

1. På tomtene skal det oppførast einbustader.
2. Bygningane skal plasserast innafor regulerte byggelinjer og i det vesentlege som vist på planen.
3. Ved byggjemelding skal situasjonsplanen vise avkjørsel samt oppstillingsplass på eigen grunn for 1 bil.

Garasjen skal kun oppførast i 1 etasje og med maksimum grunnflate 40 m<sup>2</sup> når det skal gje plass til 2 bilar, elles maksimum 35 m<sup>2</sup>.

Garasjen skal generelt samanbyggjast med bustadhuset. Bygningsrådet kan i særlege høver godkjenna frittliggjande garasjer. Frittliggjande garasjer kan plasserast i nabogrensa og skal liggja innafor byggjelina.

B. OFFENTLEGE FRIAREAL, LEIKEPLASSAR.

Det vert ikkje lov til å føra opp bygg av nokon art på desse areal bortsett frå nødvendige kommunaltekniske anlegg. Bygningsrådet kan likevel gje løyve i særlege høver, men ikkje bygningar for bustad.

- C. Skal ein merkere grenseline mot nabo eller veg må dette godkjennast av Sveio Bygningsråd.
- D. Etter at desse vedtak er trådt i kraft, er det ikkje løyve ved private servitutter å etablere forhold som står i strid med vedtektene. Elles gjeld bygningslova sine føresegner.

JD 1975002

12. februar 1975.

Sveio kommune  
formannskapet  
5520 SVEIO

.82  
Jnr. 2786/74.714-YA/AGK

SVEIO KOMMUNE. REGULERINGSPLAN FOR BYGGEFELT GRAMSHAUG  
I OG II, VIST PÅ KARTKOPI M=1:1000, JDATERT 3.2.73 SIGNERT  
PER O OLSEN.

Dykkar brev av 23.10.74.

I medhald av § 27 i bygningslova av 18. juni 1965 og etter  
fullmakt av 2. juli 1973 frå Miljøverndepartementet, stad-  
festar fylkesmannen vedtak i Sveio kommunestyre den 14.6.71  
om nemnde regulering.

Vidare stadfestar fylkesmannen kommunestyret sitt vedtak  
om føresegner i tilknytning til reguleringsplanen.

Saka har vore lagd fram for m.a. Hordaland fylkeslandbruks-  
styre som har gjeve fråsegn 27.1.70, jfr. vedlagte kopiar.  
I saksdokumenta er elles opplyst at planen, som alt i stor  
grad er utbygd, ikkje kjem i berøring med off. veg. Fylkes-  
mannen si stadfesting gjeld ikkje som løyve til utslepp  
etter § 6 i lov om vern mot vannforurensing av 26. juni  
1970. Det er eit vilkår at utslepp frå området ikkje finn  
stad før slikt løyve ligg føre frå vassdragsmyndigheitene.

- 2 -

Det stadfesta reguleringskart fylgjer vedlagt med påteikning om stadfestinga, saman med nokre av dei innsendte saksdokumenta.

Om kunngjering av stadfesta plan viser ein til § 27 i punkt 5 i bygningslova.

I kunngjeringa skal det gjerast merksam på at vedtaket om stadfesting kan påklagast til Miljøverndepartementet etter nærare reglar. Ein legg ved eit forslag til kunngjeringsstekst.

Vedtaket om stadfesting er ikkje endeleg før klagefristen er gått ut eller eventuelle klager på stadfestinga er avgjort.

etter fullmakt  
J. Jervell Pettersen  
fylkesreguleringsarkitekt

---

Vemund Ytre-Arne

Gjenpart: Miljøverndepartementet, Oslo-Dep., Oslo I.  
Riksarkivet, Bankplassen 3, Oslo I.  
Vegsjefen i Hordaland, C. Sundtsgt. 64, 5000 Bergen.  
Fylkeslandbrukssjefen i Hordaland,  
Rådstuplass 2/3, 5000 Bergen.